

## REFERAT FRÅ STYREMØTE

---

---

**Tid:** 29. mars 2006, kl 18:00

**Stad:** Vallaker AS, Førde

**Tilstades:** Geir Alden, Åsne Folstad, Sissel Strømmen, Heidi Fureli, Bjørn F Odeen, Guttorm Kleppe og Solveig Andersen

### Sak 1. Konstituering av styret og fordeling av oppgåver

Leiar: Bjørn F Odeen - valgt på årsmøtet

Nestleiar: Sissel Strømmen - valgt på årsmøtet

Kasserar: Åsne Folstad

Styremedlem: Guttorm Kleppe og Geir Alden

Varamedlem: Solveig Andersen og Heidi Fureli

Geir ønskjer ikkje å fortsette som kasserar. Åsne har sagt seg villig til å overta.

Bjørn og Geir må ordne med overføring av fullmakter og overlevering av dokument. Bjørn må gje Åsne ein innføring i bruk av dataprogrammet, kontoplan og klubbens rekneskapsføring.

Oppgåver som må gjerast snarast: sende ut kontingen og oppdatere medlemslister. Kontingen faktura sendast i første omgang ut på e-post. Etter nokre veker sender ein sende ein fakturaen på nytt per post til dei som ikkje nytta første faktura. Saman med papirutgåva sender legg ein med ein skriv om at dersom fakturaen ikkje er betalt innan fristen vert det å rekne som ei utmelding av klubben.

Heimesida: Guttorm held fram med sitt framifrå arbeid med heimesida.

### Sak 2. Vestnorsk Villmarksmesse i Førde

Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane arrangerer Vestnorsk villmarksmess 28.-30. april i Førdehuset. I samband med messa arrangerer dei Villmarksleir med ei rekke aktivitetar. I denne samanheng er vi invitert til å stille med kajakkar.

Opningstider - messa:                    Fredag kl. 18.00 - 21.00  
                                                  Laurdag kl. 10.00 - 18.00  
                                                  Søndag kl. 10.00 - 17.00

På heimesida til NJFF Sogn og Fjordane står bl.a. følgjande å lese:

#### **Padling:**

Å padle med kajakk er skikkeleg moro men kan vere litt vanskeleg til å byrje med. Ein må lære seg nokre små knep for å kome seg opp i kajakken og det kan du få prøve søndag 30. april frå kl. 10.00 til 14.30 i Førdehuset. Sunnfjord Kajakklubb stiller opp med mange kajakkar i bassenget slik at du kan få prøve dette for første gong i varmt vatn og med godkjende og flinke instruktørar. HUSK BADEKLE!!

### LAURDAG

Vi stiller med stand utanfor Førdehuset laurdag. Styret og ev. nokre fleire må stille på standen. I tilfelle dårlig ver treng vi telt til standen vi snakkar med Frode Hallandvik om å få låne telt.

Ansvar: Bjørn

Her legg vi opp til:

- Utstilling av ei rekke kajakkar med ein kort presentasjon ved kvar kajakk.
  - Hensikta er å vise eit breidt spekter av kajakkar; alt frå elvekajakkar, til segldukskajakkar og havkajakkar i ulike variantar, dobbelkajakken.
  - Kajakkane plasserast på marka slik at dei som ønskjer det kan prøvesitte dei

Ansvar: Geir

- Postere med presentasjon av:

- Kursverksemnd

Ansvar: Bjørn

- Ulike padleaktivitetar:

- Ekstrempadling - td frå Bulandet
- Stille hav padling - td frå Bulandet
- Basseng trening
- Elvepadling

Ansvar: Guttorm

- Guttorm lagar vegg til posterane.
- Poster med presentasjon av SKK
  - Lagast på møtet 18. april.
- Brosjyre i A5 format med presentasjon av klubben
  - Kontingent, torsdagpadling, elv, moglegheit for kajakkplass
  - 1 side med kurspresentasjon
  - 1 side med oversikt over klubben sin aktivitet i år

Ansvar: Sissel

### SØNDAG:

Søndag er det open dag i bassenget. Vi held på frå 10:00-14:00-14:30. Alle som skal i bassenget må skifte og dusje først. Dersom nokon berre vil sjå på må dei ev. sitje på tribuna eller gå gjennom garderobe og ta av seg på beina. Vi må kanskje henge opp ein plakat utanfor bassenget med orientering.

### **Sak 3. Diskusjon rundt timeplan for turar og kurs sesongen i 2006**

Følgjande plan vart lagt:

	Aktivitet	Stad
6.-7. mai	Nærøyane - Florø	Florø
12.-14. mai	Nybegynnarkurs - Hav	Førde/Naustdal
24.-28. mai	Njord symposium	Bulandet
Juni	Teknikkurs	Førde
Veke 23-24	Nybegynnarkurs - Hav	Førde/Naustdal
23.-24. juni	Åreleiken - Nærøyfjorden	Ruta er omlag 35 km lang og går frå Gudvangen ut Nærøyfjoren rundt neset på Beitelen og inn Aurlandsfjorden til Flåm.
20. august	Fossedalens dag	Dalsfjorden
Oktober?	Njord Stormsamling	Bulandet
Veke 35	Nybegynnarkurs - Hav	Førde/Naustdal
15.-17. september	Glesvær?	Utanfor Bergen

**Sak 4. Arbeid i styret/klubben i 2006.**

Følgje opp årsmøte vedtak frå 2005 om å utarbeide sikkerheitsreglement for klubben.  
Utarbeide informasjon til nye medlemmar.

**Sak 5. Planlegging av styremøte**

Neste møte vert 18. april.

**Sak 6. Fast kontaktperson på torsdagspadlinga**

Vi startar opp med torsdagspadling første torsdag etter påske: 20. april. Oppmøte som før kl 17:30. Bjørn set opp liste over kontaktpersonar og sender melding til vedkommande. Dersom det ikkje passar for dei som er tildelt ansvaret må ein sjølv freiste å få nokon andre til å stille.

**Sak 7. Få i stand nytt turleiarkurs og aktivitetsleiarkurs i klubben**

Bjørn har hatt kontakt med NPF vedrørande aktivitetsleiarkurs i Førde. Ifølge generalsekretær Sven Nordby Anderssen bør vi følgje kursstigen til NPF. Då bør vi arrangere teknikkurs før aktivitetsleiarkurset. Vi prøver å få til eit teknikkurs i juni dersom Torbjørn frå NPF kan stille.

Ansvar: Bjørn

**Sak 8. Ymse**

a) **Avtalen med fylkeskommunen**

- Bjørn følgjer opp samarbeidet med fylkeskommunen om kajakkbasen og freistar å få ferdigstilt avtalen.

b) **Kajakkbasen**

- Guttorm kan kjøpe inn nye luker til Capella kajakkane

c) **Orientering frå årsmøte for FNF 23. mars 2006.**

Geir Alden orienterte frå møtet. Det var vanlege årsmøtesaker med val.

Bjørn Harald Haugsvær, Sogn og Fjordane Bondelag heldt eit innlegg med påfølgjande diskusjon om allemannsretten/utmarksressurs/friluftsliv/næringsutvikling.

d) **Oppfølging etter årsmøtet:**

• **Budsjett**

- i. Det må setjast opp budsjett med utgangspunkt i gjennomgang på årsmøtet.

Ansvar: Bjørn

• **Årsmelding**

- i. Må oppdaterast med endringar frå årsmøtet.

Ansvar: Bjørn

• **Referat:**

- i. Må ferdigstillast og signerast

Ansvar: Sissel og Bjørn

• **Melding til Idrettskrinsen om endring av vedtekter**

Ansvar: Sissel

e) **Referat frå førre møte - er det skrevet? Må avklarast.**

Ansvar: Bjørn

Skrivar

*Sissel Strømmen*

-sign-